



Flagg på halv stong i Uskedalen etter massakren (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Også Uskedalen var prega av det stille minutt klokka 12 sjølv om det ikkje var nokre store ansamlingar av folk her akkurat då.**

På SPAR var det berre eitpar kundar og kassane vart stengt i respekt for dei mange ofra og deira pårørande.

Det kan vera 5 ofre berre frå Hordaland, men ingen frå Kvinnherad. Likevel blir det ei minnemarkering ved Nupen-krukka på Husnes i kveld klokka 18.

Nina Løyning håpar at mange, også frå Uskedalen, vil koma og leggja ned blomar og tenna lys for dei som vart drepne. Ein representant for Kvinnherad arbeidsparti held truleg minetale.

Løyning har vener som mista kvar sitt barn på Utøya og ho strekar under at det er viktig å ta med barna til minnestunda.

Arbeidarpartiet skal ha minnestund i Kulturhuset torsdag klokka 18.

Av Ola Matti Mathisen